



HORDALAND TINGRETT

DOM

Sagt: 07.07.2025 i Hordaland tingrett, BERGEN

Saksnr.: 24-034527TVI-THRD/TBER

Dommar: Tingrettsdommer Therese Skodvin

Saka gjeld: Gyldigheten av forvaltningsvedtak og krav om tilbakebetaling av urettmessig innfordret vann- og avløpsgebyr

Horisont Drift AS
Åsane Handel AS

Advokatfullmektig Tobias Røyan Øren,
Advokat Hugo Pedersen Matre
Advokatfullmektig Tobias Røyan Øren

mot

Bergen kommune

Advokat Tor Reidar Strand

DOM

Saka gjeld gyldigheitsprøving av forvaltningsvedtak, og tilbakebetaling av vass- og avlaupsgebyr.

Bakgrunnen for saka

Vedtaket retten skal prøva vart fatta i Klagenemnden i Bergen kommune 9. mai 2023. Vedtaket gjeld avslag på krav om tilbakebetaling av vass- og avløpsgebyr (va-gebyr) for gnr. 189 bnr. 6, snr. 1, i Myrdalsvegen 2 i Bergen. I Myrdalsvegen 2 ligg Horisont kjøpesenter, og 170 leilegheiter organisert i Sameiet Horisont.

Kjernen i saka er spørsmålet om Bergen kommune kan krevja at heimelshavaren til gnr. 189, bnr. 6, snr. 1, Åsane Handel AS, betalar va-gebyr for vatn som passerer heimelshavaren sin vassmålar, men som vert forbrukt av til saman 690 leilegheiter, samstundes som leilegheitene betalar va-gebyr basert på stipulert forbruk.

Horisont kjøpesenter, samt 170 leilegheiter på taket av kjøpesenteret, vart oppført på eigedomen i perioden 2012 til 2016.

Link Arkitektur søkte om løyve i eitt-trinn for grunnarbeid, etablering av energibrønner, riving av eksisterande bustader, dispensasjon frå reguleringsplan og krav om tilkopling til fjernvarme 22. august 2012. Det vart opplyst at kjøpesenteret søkte om BREEAM-sertifisering, og at energibrønnpark var viktig for å oppnå sertifiseringa. Som tiltakshavar var oppført Coop Eigedom AS.

Bergen kommune ga løyve til arbeidet 10. oktober 2012. Det vart sett vilkår om førehandsfråsegn frå va-etaten.

Kommunen ga 3. juni 2013 rammeløyve til oppføring av kjøpesenter i to etasjar og bustader i 2-4 etasjar på taket. Det var planlagt 170 bustader, samt eit kjøpesenter på snautt 40 000 kvadratmeter. Kommunen viste til at det låg føre va-rammeplan, men at det måtte liggja føre førehandsfråsegn frå va-etaten ved søknaden om igangsetjingsløyve.

Multiconsult sendte søknad om førehandsfråsegn til va-etaten 23. september 2013. Som tiltakshavar var oppført Coop Åsane Eiendom AS ved Jan Helge Olsen.

I søknaden vart mellom anna opplyst at det var planlagt 112 energibrønner for utvinning av energi frå jordvarme, og at dette ikkje kom i konflikt med privat eller offentleg va-anlegg. Vassmålar for heile bygget skulle plasserast på inntaket i teknisk rom, etter innvending stengekran. Vassforsyninga til bygget kom frå eitt punkt, kalla vasskum V6.

Va-etaten ga førehandsfråsegn om det røyртеkniske anlegget 27. oktober 2013, på vilkår om at det vart montert vassmålar i tråd med kommunen si va-forskrift, norm for vassmålarinstallasjonar, og vassmålarpakke. I dei generelle akseptkriteria framgår mellom anna at tiltaket skal dekkja kravet i va-norma og sanitærreglementet for kommunen, samt ein føresetnad om at leveringsvilkår og andre fråsegner for abonnentar tilknytt kommunen sitt va-nett vert akseptert. Dersom det vart gjort større avvik, måtte reviderte planar sendast va-etaten.

Vassmålarinstallasjonen vart godkjent av va-etaten 13. november. I skjema for vassmålarinstallasjon er notert at vassmålaren vart plassert i energisentral i garasje, samt at

Vannmåler er satt inn før første avgreining til kjøpesenteret, men bolig blokkene på tak henter vann før vannmåler.

Åsane Handel AS sendte krav om seksjonering av eigdommen 24. februar 2014, med deling i ein næringsseksjon og 170 bustadseksjonar. Kommunen godkjente kravet 19. mai 2015. Kommunen ga mellombels bruksløyve for deler av tiltaket i løpet av 2014 og 2015, og det vart gitt ferdigattest 15. februar 2016.

Åsane Handel er eigar av gnr. 189 bnr. 6. snr. 1, og partane er einige om at det er Åsane Handel som er pliktig å betala va-gebyr som eigar av eigdommen.

Profier AS ved Jan Helge Olsen ba i e-post 10. august 2015 om at faktura for va-gebyr for framtida vart stila til Horisont Drift AS. Kommunen endra difor fakturamottakar til Horisont Drift AS, og presiserte at kundenamnet framleis ville vera Åsane Handel, som heimelshavar til eigdommen.

I denne samanhengen opplyste Jan Helge Olsen, som på denne tida var dagleg leiar i Åsane Handel, at Åsane Energi AS hadde vorte stifta som eit driftsselskap for å driva energisentralen på eigdommen. Etter det opplyste var Åsane Handel eineigar av Åsane Energi. Jan Helge Olsen var styreleiar i Åsane Energi fram til august 2021.

Åsane Energi er no eigd med ein halvpart kvar av Coop Norge Eiendom AS og Coop Hordaland AS. Gjennom andre dotterselskap eig desse to selskapa også Åsane Handel AS og Horisont Drift AS.

I tråd med erklæring tinglyst på eigdommen sitt grunnbokblad 21. april 2016, har Åsane Energi AS gitt rett til å drive energisentralen, inkludert energibrønnane, som er plassert i gnr. 189 bnr. 6. snr. 1. Åsane Energi skal ifølgje erklæringa forsyna eigdommen samt granneeigedommar med energi.

Åsane Energi har i perioden 2017 til 2021 inngått skriftlege avtalar om levering av varme og oppvarming av vatn med kringliggjande bustadblokker i Sameiet Lonaparken, Sameiet Elvebredden 1 og 2, Sameiet Byhagen, Sameiet Landsbyen I, og Sameiet Gartnerløkken.

Det var ikkje kjent for Bergen kommune at Åsane Energi også leverte oppvarming av vatn til granneeigedommar før det vart opplyst i krav om omgjerung av vedtak frå Horisont Drift 14. juni 2023.

Åsane Energi leverer no tenester via varmesentralen til 690 leilegheiter, inkludert dei 170 seksjonane på taket av Horisont kjøpesenter. Leilegheitene på taket vart organisert i Sameiet Horisont. Saksøklarane har opplyst at avtalen om levering av varme og oppvarming av vatn mellom Åsane Energi og Sameiet Horisont er munnleg.

Bergen kommune ved Bergen Vann sendte orientering til Åsane Handel 15. august 2022, etter å ha fått førespurnad om endring av vassmålarplassering på gnr 189 bnr 6 frå Evotek ved dagleg leiar Kjell Petter Småge. Bergen Vann gjorde greie for at kommunen vurderte dagens plassering av vassmålar som samsvarande med lov og regelverk, og ba om ytterlegare opplysningar.

Horisont Drift reiste krav om tilbakebetaling av va-gebyr i brev frå advokat Torkel Hope 7. juni 2022. Horisont Drift viste til at kommunen hadde fakturert selskapet dobbelt, for vassforbruk leilegheitene også hadde betalt for.

Det vart også hevda at vassmålararen var plassert før vassleidningen forgreinar seg til kjøpesenteret og leilegheitene. Denne usemja er no tilbakelagt, og det er semje om at det går ein stigeleidning med vassforsyning til leilegheitene før vassmålararen.

Kommunen varsla vedtak i brev 30. september 2022, og gjorde greie for sitt syn på at va-gebyret var korrekt. Kommunen ga deretter avslag på krav om tilbakebetaling av va-gebyr 20. oktober 2022 med same grunngjeving. Det var ytterlegare brevveksling mellom kommunen og Horisont Drift, og det vart halde eit klårleggingsmøte mellom partane og advokaten for Horisont Drift 8. eller 9. desember 2022. I brev frå Bergen Vann 12. desember gjorde Bergen Vann ytterlegare greie for sitt syn. Klagefristen på vedtaket vart forlenga til 15. januar 2023. Det er semje om at klagefristen seinare vart ytterlegare forlenga.


Horisont Drift klaga på avslaget 23. januar 2023. Dei hevda selskapet hadde betalt for mykje va-gebyr sidan 2015, ettersom dei har betalt for vatn til 170 leilegheiter etablert på taket av kjøpesenteret, det vil seie Sameiet Horisont.

I samband med klagen utarbeidde Bergen Vann eit fagnotat 3. februar 2023. Horisont Drift sendte dernest søksmålsvarsel 14. februar 2023.

Klagenemnden i Bergen kommune stadfesta Bergen Vann sitt vedtak 9. mai 2023.

I fagnotatet laga Bergen Vann følgjande skisse av anlegget for å visualisera kvar vassmålararen var plassert, som partane er einige om at er dekkjande:


Figur 1



Åsane Energi gjennomførte ei ombygging av røyropplegget hausten 2022, på grunn av problemstillinga med måling av varmtvassforbruket til leilegheitene i dei ulike sameiga.

Ombygginga bestod i at det vart etablert eit vassuttak før vassmålararen som går vidare til varmesentralen og dernest leilegheitene. Etter ombygging såg røyropplegget slik ut:

Figur 2



Etter saksøkjaraane sitt syn medførte ombygginga at Åsane Handel ikkje lenger med urette vart kravd va-gebyr for vassforbruket til leilegheitene.

Horisont Drift har tidlegare hevda at kommunen har godkjent ombygginga. Det er i no semje om at ombygginga ikkje er omsøkt eller godkjent, men at det er kontakt mellom partane om dette.

Horisont Drift sendte krav om omgjeriing av vedtak og søksmålsvarsel 14. juni 2023. Det vart mellom anna vist til at vedtaket med urette innebar at Horisont Drift vart belasta va-gebyr for vassforbruket til dei 170 leilegheitene i Sameiet Horisont. Det vart også opplyst om at dette gjaldt 435 andre leilegheiter på eigedommar nord for kjøpesenteret.

Horisont Drift har som nemnd opplyst for retten at det no totalt er tale om totalt 690 leilegheiter.

Det kom inn ytterlegare merknader frå både Horisont Drift og Bergen Vann, samt ytterlegare etatar i kommunen, før Klagenemnden sa vedtak om at kravet om omgjeriing ikkje vart teke til følgje 9. januar 2024.

Horisont Drift tok ut stemnemål mot Bergen kommune for Hordaland tingrett 28. februar 2024. Horisont drift meinte vedtaket om avslag på krav om tilbakebetaling av va-gebyr skal kjenast ugildt, og kravde at retten utmålte og sa dom for tilbakebetalingskravet.

Bergen kommune leverte tilsvar 30. april 2024. Kommunen meinte kravet om dom for tilbakebetalingskravet skulle avvisast, og kommunen elles frifinnast. Det vart halde planmøte, og det var ytterlegare prosessutveksling, først og fremst knytt til framlegging av bevis.

I prosesskriv 9. mai 2025 krav kommunen at heile saka skal avvist, subsidiært at kommunen vart frifunnen. I korte trekk gjorde kommunen gjeldande at Horisont Drift ikkje hadde rettsleg interesse i saka etter tvistelova § 1-3. Horisont Drift motsette seg dette i prosesskriv 23. mai 2025, og varsla at det kunne bli aktuelt for Åsane Handel å tre inn som part i saka. Horisont Drift framsette krav om stansing av saka, eventuelt omberamming av hovudforhandlinga som var tidsett i juni.

Etter ytterlegare prosessutveksling avgjorde tingretten 2. juni at krava om stansing og omberamming ikkje vart teke til følgje, og at krava om avvising av saka skulle handsamast som ledd i hovudforhandlinga.

Åsane Handel sette fram krav om å tre inn i saka etter tvistelova § 15-3 den 6. juni 2025.

Hovudforhandling vart halde i Hordaland tingrett i Bergen 16.-19. juni 2025. Retten tok til følgje Åsane Handel sitt krav om å tre inn i saka, etter semje mellom partane.

Bevisføringa under hovudforhandlinga går fram av rettsboka.

Partane sine påstandar og påstandsgrunnlag

Horisont Drift AS og Åsane Handel AS har i hovudtrekk gjort gjeldande:

Vedtaket treft av Klagenemnden 9. mai 2023 er ugildt. Det grunnleggjande er at kommunen ikkje kan ta betalt for det same vatnet to gonger. Vedtaket byggjer på uriktig faktisk grunnlag, uriktig rettsbruk, og misbruk av offentleg mynde.

Kommunen har ikkje heimel til å krevje va-gebyr for vatnet til leilegheitene som går gjennom varmesentralen. Rettsbruken i vedtaket er difor feil.

Det går fram av vass- og avløpsanleggslova § 3, forureiningsforskrifta § 16-2 og va-forskrifta § 3 jf. § 2 at det er eigar av fast eigedom som er pliktig å betala va-gebyr. Det fyl av forureiningsforskrifta § 16-4 og va-forskrifta § 4 og 8 at det er eigaren sitt forbruk som utgjer berekningsgrunnlaget. Ein eigar av fast eigedom kan altså ikkje haldast økonomisk ansvarleg for andre eigedomar sitt forbruk.

Va-regelverket byggjer på ein føresetnad om at årsgebyret skal dekkja kommunen sine utgifter knytt til drift og vedlikehald av va-nettet, omtalt som sjølvkostprinsippet. Kommunen sine naudsyste kostnader til va-sektoren er ei ytre grense for kor mykje kommunen til saman kan krevje inn i va-gebyr, jf. va-lova § 4 og forureiningsforskrifta § 16-1. Kommunen har plikt til å sørgje for ei rettviss fordeling av utgiftene innan dette prinsippet.

Va-regelverket byggjer vidare på at ein skal rekna ut gebyret anten basert på målt forbruk, eller basert på stipulert forbruk, jf. forureiningsforskrifta § 16-1 og va-forskrifta § 8 nr. 3.

Sjølvkostprinsippet stengjer for at kommunen kan krevja betalt for meir en naudsyste utgifter, slik dei har gjort her. Det er ikkje anledning til å krevje betaling for både målt og stipulert forbruk, altså dobbel betaling, slik kommunen her har gjort. Kommunen kan ikkje byta ut ordlyden «eller» med «og».

Det er ikkje riktig at saksøklarane i realiteten motseier va-forskrifta i seg sjølv. Det er kommunen si forståing av forskrifta som er feil.

Kommunen si va-norm regulerer ikkje grunnlaget for å rekna ut forbruksgebyr, men gjeld installasjon av vassmålarar. Utrekning av va-gebyr vert regulert av va-forskrifta.

Va-norma byggjer på eit premiss om at vatn til bustad og til næring er to ulike størrelsar. For bygg som vert brukt både til næring og bustad, er det ifølgje va-norma punkt 1.2 tre alternativ.

Kommunen kan:

- forholde seg til en vannmåler montert ved hovedinntaket som måler både nærings- og boligdelen, eller
- forholde seg til en vannmåler montert ved hovedinntaket til næringsdelen og en vannmåler montert ved hovedinntaket til boligdelen, eller
- forholde seg til en vannmåler montert ved hovedinntaket til næringsdelen, og stipulere vannforbruket for boligdelen.

Kommunen hevdar med urette at saksøklarane ønskjer seg eit fjerde alternativ.

Saksøklarane krev at kommunen skal rekna ut va-gebyret i tråd med det tredje alternativet – og ikkje krevja betaling for både stipulert og målt vassforbruk for bustadane.

Det er ikkje heimel for å krevje va-gebyr for Åsane Energi sin aktivitet, ettersom det ikkje er næringsverksemd. Når det gjeld sameiga som ligg utanfor kjøpesenteret og som Åsane Energi leverer oppvarming til, er desse uansett ikkje næringslokale. Dersom Åsane Energi likevel skal bli kravd for va-gebyr, må det berre gjelda deira eige minimale vassforbruk.

Saksøklarane sitt tolkingsresultat let seg lett følgja opp i praksis ved at stipulert forbruk vert trekt frå gebyret for målt forbruk. Dette kan fastsetjast ved avtale, jf. va-forskrifta § 10. Kommunen har òg heimel til å betala tilbake ved feil, jf. § 18.

Vala som utbyggjar gjorde då va-infrastrukturen vart oppført, er utan rettsleg betydning. Det er kommunen som har ansvaret og bestemmer plassering og storleiken på vassmålar. Abonentane kan uansett ikkje samtykka til kommunen si løysing, med betaling både for målt og for stipulert forbruk, ettersom det er ulovleg.

Kommunen var godt kjent med va-strukturen på eigedommen gjennom både byggesaka og inspisering og godkjenning av vassmålar. I byggesaka var det opplyst at det skulle etablerast energibrønnpark. Det vart vurdert som beste alternativ ettersom BKK varme ikkje ville krevje tilknytning. Dessutan må varmesentralen ha blitt observert ved inspeksjon av vassmålar.

I vedtaket har kommunen uriktig lagt til grunn at vatnet til leilegheitene ikkje går gjennom vassmålar, og at Åsane Energi sel vatn.

Vedtaket medfører òg usakleg forskjellsbehandling. Kommunen krev ikkje va-gebyr for Eviny si tilsvarende verksemd, eller for til dømes sameiger som har felles varmvassstank. Dette er heller ikkje ei rettvis fordeling innafor sjølvkostprinsippet. Tvert om vert saksøklarane straffa for å ha vald ei miljøvennleg løysing i tråd med TEK10.

Den uriktige rettsbruken, feil i faktum og forskjellshandsaminga vedtaket inneber, medfører at vedtaket er sterkt urimeleg og ugildt etter læra om misbruk av offentleg mynde.

Horisont Drift har krav på tilbakebetaling av feilaktig innkravd va-gebyr etter læra om *condictio indebiti*. Retten har heimel for å sei dom for tilbakebetalingskravet saksøkjær har krav på. Kravet utgjer 354 967 kroner med tillegg av morarente frå stemnemålet.

Det er ikkje grunnlag for avvising. Begge saksøkjærane har rettsleg interesse i saka. Det er heller ikkje grunnlag for å avvise påstandens punkt 1. Partane har behov for avklaring, også for framtidig samarbeid og seinare utbygging. Ein har fått meir kompliserte utfordringar og bygg etter forskrifta vart laga, og dette kan hjelpe kommunen å tilpassa regelverket.

Horisont Drift AS og Åsane Handel AS har lagt ned slik påstand:

1. Bergen kommune er uberettiget til å kreve gebyr fra Åsane Handel AS og/eller Horisont Drift AS for tjenester som andre eiendommer har betalt gebyr for.
2. Bergen kommune v/Klagenemndens stadfestelsesvedtak av 10. mai 2023 overfor Horisont Drift AS kjennes ugyldig.
3. Bergen kommune dømmes til å tilbakebetale Åsane Handel AS og/eller Horisont Drift AS' betaling for urettmessig fastsatt gebyr.
4. Bergen kommune dømmes til å erstatte Åsane Handel AS' sakskostnader.
5. Bergen kommune dømmes til å erstatte Horisont Drift AS' sakskostnader.

Bergen kommune har i korte trekk gjort gjeldande:

Søksmålet må helt eller delvis bli avvist. Saksøkjærane har ikkje rettsleg interesse i saka. Det er heller ikkje kjent om det ligg føre motstridande interesser hos tredjemenn som vil stengja for en dom med de rettsverknadane saksøkjærane ber om.

Va-gebyret er korrekt fastsett i tråd med det gjeldande regelverket. Vedtaket er gyldig, og det er ikkje grunnlag for tilbakebetaling.

Det ligg ikkje føre feil i dei faktiske tilhøva Klagenemnden la til grunn for vedtaket. Saksøkjær sin tidlegare påstand om at vassmålaren var montert før stigeleidning til leilegheitene i Sameiet Horisont, er tilbakevist. Klagenemnden var også merksam på at det gjekk vatn gjennom vassmålaren, via varmesentralen, og deretter som varmt tappevatn til leilegheitene.

Det utradisjonelle opplegget saksøkjarene har etablert, med ca. 800 private vassmålarar, må tilpassast regelverket. Det er ikkje regelverket som må tilpassa seg saksøkjarene.

Klagenemnden har også bygd på rett rettsbruk.

Va-gebyret sin forbruksdel skal reknast ut basert på målt eller stipulert vassforbruk, jf. va-forskrifta § 8 nr 3. Bustadar kan velje om dei vil betala va-gebyr basert på målt eller stipulert forbruk. Stipulert forbruk er basert på arealet i bustaden. Stipuleringa tek ikkje omsyn til kor mange som bur der, om bustaden står tom, kor mange våtrom det er, eller liknande.

Næringsabonnentar og andre som ikkje bustader, må betala gebyr på grunnlag av målt bruk, jf. va-norma punkt 1.1. Kombinerte bygg kan velja mellom tre alternativ for utrekninga. I dette tilfellet valde utbyggjar utrekning basert på målt bruk for næringsdelen, og stipulert bruk for bustadane (tredje alternativ i va-norma). Vassmålararen er plassert i tråd med dette.

Saksøklar si framstilling av regelverket inneber at valet utbyggjar tok for måling av va-gebyr, skal setjast til side. Det inneber også at sentrale fråsegner om va-gebyr må setjast til side, eller tilpassast saksøkjarene sitt opplegg. Det er det ikkje grunnlag for.

Kommunen si rettsbruk er i tråd med sjølvkostprinsippet. Sjølvkostprinsippet skal gjelda for den samla utrekninga for eit tenesteområde, og utgjer eit øvre tak på dei samla gebyrinntektene på området. Reglane vil difor ikkje sikra at gebyra i den enkelte sak vert fastsett slik at det er rimeleg samsvar mellom gebyret og kostnadane ved å yte tenesta til den enkelte brukaren. Det er ikkje grunnlag for saksøkjarene si tilnærming om at det ligg føre eit fortenesteelement for kommunen ved den såkalla dobbelfaktureringa.

Det ligg ikkje føre usakleg forskjellsbehandling. Denne alvorlege påstanden er ikkje tilstrekkeleg konkretisert.

Kommunen er ikkje kjent med samanliknbare tilfelle der ein leverandør har etablert eit privat anlegg som ikkje er innafor dei ulike alternativa va-forskrifta og va-norma opnar for. Eviny har ikkje same løysing som saksøkjarene, der dei leverer tappevatn gjennom sin eigen vassmålar. Eviny har eit lukka anlegg for levering av fjernvarme. Vatnet til den enkelte mottakar kjem frå den enkelte eigedom sitt kommunale vassinntak. Problemstillinga med målt forbruk for leverandøren er då ikkje aktuell.

Åsane Energi er uansett næringsdrivande slik dette er definert i va-forskrifta. Verksemda med oppvarming av kommunalt vatn er næringsverksemd. Føretaket disponerer over og

distribuerer vidare vatnet som går gjennom vassmålaren. Føretaket skal då ha målt forbruk, jf. va-norma punkt 1.1.

Retten kan uansett ikkje sei dom for tilbakebetaling. For det første er det materielt sett ikkje grunnlag for eit tilbakebetalingskrav. Heimelshavar må betala for målt vassforbruk. Åsane Handel må bera konsekvensane av dei vala som vart teke då anlegget vart etablert, og kommunen si utrekning av gebyr i samsvar med det. Subsidiært er kravet uansett ikkje tilstrekkeleg dokumentert, og vilkåra for tilbakebetaling etter læra om *condictio indebiti* er ikkje oppfylt.

Dei saksøkte sitt krav etter påstanden punkt 1, må avvisast. Dette utgjer eit krav om fullbyrdingsdom som det ikkje er grunnlag for. Saksøkjarane har heller ikkje eit aktuelt og reelt behov for å få dom for kravet ved sidan av spørsmålet om vedtaket er gyldig.

Saksøkjarane sin påstand punkt 3, må også bli avvist. Påstandspunktet dreier seg om eit hypotetisk og framtidig rettshøve, der rettsforholdet til dei ulike sameiga eller leilegheitene ikkje er avklart. Det er uansett ikkje grunnlag for å sei dom for realitetsvedtak i saker som omhandlar fritt skjønn. Dersom vedtaket blir oppheva, må vidare handsaming skje i kommunen.

Bergen kommune har lagt ned slik påstand:

Prinsipalt:

- Påstanden i saksøkers sluttinnlegg pkt. 1 og 3, avvises, og Bergen kommune blir for øvrig å frifinne.

Subsidiært:

- Bergen kommune frifinnes.

I begge tilfeller:

- Bergen kommune tilkjennes sakskostnader.

Vurderinga til retten

Bergen kommune har reist krav om avvising på fleire ulike grunnlag, og for ulike krav som er reist i saka. Krava om avvising grip på ulike vis inn i dei materielle spørsmåla i saka, og er etter retten sitt syn tvilsame.

Retten har kome til at det ikkje er naudsynt å gå inn i spørsmåla om avvising, ettersom det er klart at kommunen skal frifinnast for krava, jf. tvistelova § 9-6 tredje ledd siste setning.

Retten meiner kommunen sitt vedtak er gyldig. Retten kan ikkje sjå at det er feil ved rettsbruken eller dei faktiske tilhøva vedtaket er bygd på, eller at det ligg føre misbruk av offentlig mynd.

Ut frå retten si vurdering av vedtaket, er det heller ikkje sannsynleggjort noko krav om tilbakebetaling. Kommunen skal difor frifinnast.

Om regelverket for va-gebyr

Kommunane har heimel for å krevje kostnadane til vass- og kloakkanlegg dekkja av eigarane av fast eigedom i lov om kommunale vass- og kloakkavgifter §§ 3 og 4. Avgiftsobjektet er den faste eigedommen, jf. va-lova § 3. Etter § 5 har kommunane heimel for å fastsetja storleiken på gebyra med meir i lokale forskrifter, og i § 6 er gebyra sikra med lovpant i eigedomen.

Rammeforskrift om kommunale vass- og avlaupsgebyr er fastsett av Klima- og miljødepartementet i forureiningsforskrifta kapittel 16.

Det går fram av forureiningsforskrifta § 16-1 at dei kommunale vass- og avlaupsgebyra ikkje skal overstiga kommunen sine naudsynte kostnader på vass- og avlaupssektoren. Dette gjev uttrykk for sjølvkostprinsippet. Vidare går fram:

Ved beregning av selvkost bør de til enhver tid gjeldende retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester legges til grunn.

Kommunen fastsetter i forskrift regler for beregning og innkreving av vann- og avløpsgebyrene, samt gebyrenes størrelse, innenfor rammene av denne forskriften.

Va-gebyret kan anten bestå av ein fast del, og ein variabel del knytt til forbruk, eller berre vera knytt til forbruket. Vassforbruket skal anten vera målt eller stipulert, jf. § 16-4.

Både lova og rammeforskrifta set svært vide rammer for kommunane si utrekning og fordeling av utgiftene til vass- og avlaupstenestane, jf. HR-2012-1769-A avsnitt 34. Det skal i hovudsak skje gjennom eit fast årsegebyr, og ein variabel del knytt til anten stipulert eller målt vassgebyr. Det stipulerte forbruket skal i størst mogeleg grad spegla reelt forbruk, jf. avsnitt 35.

I Bergen kommune gjeld forskrift om vann- og avløpsgebyr av 28. mai 2015 (va-forskrifta).

Va-forskrifta slår fast at det må svarast eingongsgebyr for tilknytning til va-anlegget. Det må også svarast årsgebyr, som er summen av abonnements- og forbruksgebyr, samt gebyr for leige av vassmålar, jf. § 4.

Årsgebyret består av ein fast del (abonnementsgebyret) og ein variabel del (forbruksgebyret), jf. § 2 bokstav d. Det er forbruksgebyret som er det omstridde i saka.

I va-forskrifta § 8 nr. 3 går fram korleis kommunen skal rekna ut forbruksgebyret:

Forbruksgebyret skal være basert på målt eller stipulert vannforbruk:

- målt vannforbruk baseres på bruk av vannmåler som viser faktisk vannforbruk og som multipliseres med pris per m³.
- stipulert vannforbruk legger byggets bruksareal til grunn og multipliseres med 1,3 m³ per m² bruksareal per år.

Både kommunen og den enkelte abonnent kan kreve at forbruksgebyret skal fastsettes ut fra målt forbruk, med de begrensninger som følger av denne forskrift, jf. punkt 4.

Tilsvarande som i forureiningsforskrifta § 16-4, skal forbruksgebyret vera basert på «målt eller stipulert» vassforbruk.

Etter § 8 nr. 4 kan kommunen krevja vassforbruket målt for alle bygg som ikkje er bustader.

I forskrifta kapittel 4 går fram nærare regler om installasjon og bruk av vassmålar. Kommunen har også utarbeidd Norm for vannmålerinstallasjoner, revidert 2011 (va-norma). Der er slått fast at kommunen kostar maks ein vassmålar per hovudinntak, og at fordeling av va-gebyr blant fleire leigetakarar hos ein abonnent er kommunen uvedkommande, jf. punkt 1.1. Også her går fram at kommunen vil krevja vassmålar montert på alle abonnentar utanom bustader.

For kombinerte bygg som i vår sak, har kommunen heimel i forskrifta til å krevje måling av næringsdelen. Det må dermed monterast vassmålar i tråd med forskrifta kapittel 4, og i tråd med va-norma.

Va-norma punkt 1-2 gjev eigar av kombinerte bygg høve til å velje ein av tre alternativ for vassmåling, som følgeleg òg vil vera avgjerande for utrekningsgrunnlaget.

For denne typen bygg vil kommunen:

- forholde seg til en vannmåler montert ved hovedinntaket som måler både nærings- og boligdelen, eller
- forholde seg til en vannmåler montert ved hovedinntaket til næringsdelen og en vannmåler montert ved hovedinntaket til boligdelen, eller
- forholde seg til en vannmåler montert ved hovedinntaket til næringsdelen, og stipulere vannforbruket for boligdelen.

I dette tilfellet vart alternativ tre valt ved oppføringa, ved at det vart montert vassmålar etter stigeleidning til bustaddelen. Retten viser til skjema for vassmålar melding 11. november 2014, der det er notert:

vannmåler er satt inn før første avgrening til kjøpesenter, men Bolig blokkene på tak henter vann før vannmåler.

Saksøkjara har framheva at va-norma ikkje regulerer utrekninga av riktig va-gebyr, og at riktig vassmålarinstallasjon ikkje er det same som korrekt utrekningsgrunnlag etter va-forskrifta.

Retten meiner korrekt montering av vassmålar i tråd med va-norma er ein føresetnad for å komma fram til rett utrekningsgrunnlag etter va-forskrifta. Va-norma gjev uttrykk for korleis vassmålinga skal føregå, for å komma fram til rett utrekningsgrunnlag. Va-norma gjev også uttrykk for mykje av dei same fråsegnene som er fastsett i va-forskrifta kapittel 4.

Valet av alternativ for målt eller stipulert forbruk for kombinerte bygg, vert også førande for utrekninga av gebyret.

Feil i vedtaket ved at Åsane Energi AS sin aktivitet ikkje utløyser gebyrplikt

Saksøkjara hevdar Åsane Energi si verksemd ikkje er gebyrpliktig, ettersom dei ikkje driv «næringsvirksomhet» som er gebyrpliktig etter va-forskrifta § 8.

Etter § 8 kan kommunen kreve at vassforbruket vert målt for

- a. alle bygninger eller deler av bygning som ikke nyttes til boligformål

Forskrifta stiller ikkje krav om næringsverksemd for å kunne krevja forbruket målt, berre at delar av bygget vert brukt til noko anna enn bustadformål.

Gnr. 189 bnr. 6 snr. 1 vert ikkje brukt til bustadformål. Retten visar òg til forklaringa til ingeniør i kommunen Bobbie Arntsen, om at det er definisjonen i matrikkelført areal som er avgjerande for om arealet reknast for å ha bustadføremål eller ikkje. Det er ikkje omstridt at gnr. 189 og bnr. 417 snr. 1 er registrert som næringsseksjon.

Saksøkjara har vist til at vassmålar er plassert ved inntaket til Horisont Drift, som driv kjøpesenteret, og at det ikkje er heimel eller praksis for å krevja faktisk forbruk målt for Åsane Energi eller dei enkelte næringsdrivande på kjøpesenteret.

Retten viser til at det er montert vassmålar for å måla alt vatn som vert brukt på eigedomen, bortsett frå stigeleidningen som går til bustadane. Alt som ikkje går i stigeleidningen til bustadane, er gebyrbelagt for heimelshavaren Åsane Handel, ettersom vatnet går til dei delane av bygningen «som ikke nyttes til boligformål».

Kommunen har ikkje grunnlag for å gå nærmare etter forbruket til nokon av dei enkelte næringsdrivande, ettersom dette er kommunen uvedkommande, jf. va-forskrifta § 6 første ledd og va-norma punkt 1.1. At vassforbruket knytt til Åsane Energi si verksemd, ikkje skal vera omfatta av gebyret, kan difor ikkje føra fram.

Bergen Vann har i saksframlegget, som òg vart lagt til grunn for vedtaket, vist til at Åsane Energi er eit sjølvstendig næringsselskap. Dette kan etter retten sitt syn heller ikkje vera tvilsamt. Åsane Energi er eit driftsselskap for varmesentralen, og drifta er lagt opp for å vera lønnsam, jamvel om varmesentralen og føremålet med den også er miljøvennleg. Retten visar til forklaring frå Kjell Petter Småge om at gebyrinnkrevjinga frå kommunen går ut over botnlinja til eit selskap som ikkje har gått i pluss på ti år.

Åsane Energi har bustader som kundar for tenesta dei leverer, både på same eigedom og på granneeigedomar. Åsane Energi tek ikkje betalt for sjølve vatnet. Det rokkar ikkje ved at alt vatn som går gjennom vassmålaren, likevel er gebyrpliktig som målt vassforbruk.

Det ligg ikkje føre feil ved verken rettsbruken eller dei faktiske tilhøva som er lagt til grunn i vedtaket på dette punktet.

Betydinga av den etablerte va-strukturen og subjektiv kunnskap om denne

Saksøklarane hevdar utbyggjar sine val for va-infrastrukturen ikkje har rettsleg betyding for spørsmålet om va-gebyr. Det er òg hevda at saksøklarane ikkje visste at va-strukturen innebar at dei måtte betale va-gebyr for vatn brukt av andre. Dei meiner dessutan at dei uansett ikkje kunne samtykke til eit slikt ulovleg utrekningsgrunnlag for va-gebyr som kommunen legg til grunn.

Bakgrunnen for at tvisten oppstod, framstår å vera nettopp at saksøklarane ved etableringa av avtalane mellom sameiga og Åsane Energi, ikkje var bevisst at dei med den eksisterande va-strukturen ville bli belasta va-gebyret for tenestene dei tilbydde. Dette til trass for at avtalane vart inngått av dagleg leiar i Åsane Energi Jan Helge Olsen, som òg var involvert i både byggjeprosessen og drifta av ulike selskap i selskapsstrukturen frå tida oppføringa fann stad.

Va-gebyret vart høgt fordi dei vart fakturert for vassforbruket som går gjennom varmesentralen og i tråd med avtalane vert levert til nærmare 700 leilegheiter som varmt tappevatn.

Retten viser til forklaring frå Kjell Petter Småge, innleigd dagleg leiar i Åsane Energi frå 2021. Småge forklarte at det var han som oppdaga at vatnet som vert varma opp og går til leilegheitene, tilfeldigvis strøyma gjennom vassmålaren. Han tenkte det måtte vera galt, og tok kontakt med kommunen.

Kommunen svarte i brev til Åsane Handel 15. august 2022 at vassmålaren var riktig plassert, og at eventuelle endringar måtte godkjennast av kommunen.

Småge forklarte at dei dernest tenkte som så at dei ville byggja om røyropplegget for eigen risiko, og at dei ikkje kunne venta lenger med å gjera det. Ombygginga bestod i at det vart etablert eit vassuttak før vassmålaren, som går vidare til varmesentralen og dernest leilegheitene.

Vestrheim utførte arbeidet, som var ferdig i september 2022. Frå oktober 2022 vart saksøkjjarane ikkje lenger fakturert for vatn som gjekk vidare til leilegheitene. Denne ordninga kunne ifølge Småge vore etablert frå start i 2014. Dette er ei tilfredsstillande løysing for Åsane Energi no, med tanke på at ein unngår va-gebyr for vatnet som går til leilegheitene, men det vert problematisk dersom nokon av leilegheitene krevjar å få va-gebyret basert på målt forbruk.

Horisont Drift har tidlegare hevda at ombygginga var godkjent av Bergen Vann, men det er no semje om at det ikkje er tilfelle. Det er uavklart om ombygginga er lovleg.

Ut frå dette framstår det som riktig at Horisont Drift ikkje var klar over dei faktiske tilhøva kring plassering av vassmålaren, eller betydninga det hadde for lønnsemda for varmesentralen, før Småge undersøkte dette og fekk bygd om røyropplegget i 2022.

I forvaltningsbehandlinga, og til dels for tingretten, hevda Horisont Drift at det ikkje gjekk stigeleidning til Sameiet Horisont før vassmålaren. Dette framstår rett ut som ei villfaring frå Horisont Drift si side. Dette har saksøkjjarane hevda gjentekne gonger, men det er no klarlagt og semje om at det går stigeleidning til leilegheitene *før* vassmålaren.

Saksøkjjarane sin kjennskap til va-strukturen og kva det betydde for va-gebyret, er likevel utan rettsleg betyding for prøvinga av vedtaket.

Va-strukturen var etablert i tråd med regelverket, og valet av alternativ for vassmåling utbyggjar gjorde då bygget på eigedomen var oppført.

Retten er einig med kommunen i at utrekninga av gebyret må skje i tråd med regelverket, og den gjeldande plasseringa av vassmålaren. Aktørane må sjølv bera risikoen for eigen kjennskap til va-strukturen og sine eigne forutsetningar for forretningsdrifta si.

Saksøkjaraane har vidare hevda kommunen hadde eller burde ha kjennskap til det vidare røyropplegget etter vassmålaren, og mellom anna at det var etablert ein varmesentral. Det er uklårt for retten kva saksøkjaraane meiner konsekvensen av kommunen sin kunnskap skulle vera. Det går uansett fram av vedtaket at Klagenemnden hadde kjennskap til varmesentralen då vedtaket vart fatta. Varmesentralen er mellom anna teikna inn slik det går fram i figur 1, innteke på dommen side 5.

Retten kan ikkje sjå at kommunen si kunnskap eller mangel på kunnskap på eit tidlegare tidspunkt har betydning for vedtaket som er til prøving, verken for rettsbruken eller faktum som er lagt til grunn.

Feil i avgjerdsgrunnlaget ved at målt vassforbruk endar opp i bustadar

Saksøkjaraane meiner klagevedtaket med urette byggjer på at «vannet til leilighetene går altså utenom vannmåleren og er heller ikke belastet Horisont Drift». Saksøkjaraane meiner kommunen med urette ikkje tok omsyn til at vatn som passerer vassmålaren, ender opp hjå leilighetene.

Etter retten sitt syn går det tydeleg fram av vedtaket at Klagenemnden var klar over den vidare forgreininga etter vassmålaren, og at varmtvatn gjekk vidare til leilighetene etter å ha passert vassmålaren og Åsane Energi sin varmesentral.

Byrådsavdelinga for finans, næring og eigedom viste til at vassmålaren var plassert etter «kaldtvannsuttaget til alle eiendommens boligheter.» Dette vart sagt som svar på Horisont Drift sin påstand om at stigeleidninga var plassert etter vassmålaren. Den framstillinga har dei no gått bort frå.

Klagenemnden viste vidare til skissa som vart utarbeidd i samband med klagen, innteke som figur 1, dommens side 5. Av skissa også klart fram at det også går vatn til leilighetene etter vassmålaren.

Rett nok kan ordbruken om «kaldtvannsuttaget» vera uklårt, ettersom kommunen berre leverer vatn utan oppvarming, og ikkje har ulike inntak for kaldt og varmt vatn. Det vart under hovudforhandlinga også gjentekne gonger referert til kaldvatn, sjølv om det riktige heilt enkelt er å omtala dette som vatn.

Det går likevel tydeleg fram at vedtaket bygde på at det gjekk stigeleidning til leilighetene før vassmålaren. Vidare at det målte forbruket inkluderte varmtvatn som seinare vart levert til leiligheter.

Det er ei rettsleg usemje om konsekvensane av dette, men ingen feil i det faktiske avgjerdsgrunnlaget til kommunen.

Feil i avgjerdsgrunnlaget ved at Åsane Energi sel vatn

Saksøklarane meiner vidare det ligg føre feil faktisk grunnlag ved at kommunen med urette la til grunn at Åsane Energi sel vatn. Dette kan heller ikkje føra fram.

I Saksframlegget frå Bergen Vann, som Klagenemnden la til grunn, går fram:

Åsane Energi/varmesentralen henter inn kommunalt vann som råvare for oppvarming til fjernvarme, og dette sendes ut i distribusjonssystemet til alle mottakere, og selges/belastes som energi/oppvarming.

Dette er slik retten ser det ei rett skildring av Åsane Energi si verksemd: dei distribuerer vatnet vidare ferdig oppvarma, og tek betalt - ikkje for vatnet - men for energi/oppvarming.

Slik retten vurderer det, ligg det ikkje føre feil i dei faktiske tilhøva kommunen la til grunn om dette.

Feil rettsbruk ved at saksøklarane må betala for andre abonnentar sitt vassforbruk

Saksøklarane har gjort gjeldande at ein eigar av fast eigedom kan ikkje haldast økonomisk ansvarleg for forbruk som gjeld andre eigedomar, jf. va-lova § 3 og forureiningsforskrifta § 16-2 .

Det er normalt heilt riktig. Regelverket er bygd opp slik at den enkelte eigedom er ansvarleg for sitt forbruk. Det vil ikkje vera grunnlag for å halda ein eigedom ansvarleg for grannen sitt vassforbruk. Det fyl også av lovens system, eksempelvis ved at krav på va-gebyr er sikra med legalpant i den enkelte eigedom, jf. va-lova § 6.

Leilegheitene i Sameiet Horisont har i tråd med dette sin eigen stigeleidning for vatn som er plassert før vassmålaren. Retten legg til grunn at dei andre sameiga Åsane Energi har gjort avtale med, også har tilkomst til kommunalt vatn, utan å gå gjennom saksøklarane/Åsane Energi.

Det spesielle er at saksøklarane etablerte ein varmesentral for å levera av oppvarming av varmtvatn til bustaddelen av eigedomen, og til fleire granneeigedommar. Opplegget forutset at kommunalt vatn vert ført gjennom eigedommen/Åsane Handel sitt vassinntak, før det vert levert vidare, ferdig oppvarma. Ein føresetnad for å kunna levera tenesta med oppvarming av vatnet, slik røyropplegget var etablert fram til september 2022, var at vatnet passerte vassmålaren og deretter varmesentralen før det gjekk vidare til bustadane.

I dette tilfellet er det altså heimelshavaren Åsane Handel, gjennom driftsselskapet Åsane Energi, som har teke på seg å levera oppvarma vatn til andre eigdedomar. Konsekvensen vart at vatnet som vart varma opp, vart målt som del av Åsane Handel sitt vassforbruk.

Saksøklarane kan i denne situasjonen ikkje høyrast med at dei må betala for grannane sitt vassforbruk utan heimel. Retten meiner saksøklarane sitt ansvar at dei tilbyr ei teneste som fortsette at kommunalt vatn gjekk gjennom deira system. Slik va-strukturen var fram til ombygginga i 2022, var vatnet nøydd å passera vassmålaren. Kommunen har inga plikt i regelverket til å tilpassa gebyravrekninga til tenesteleveransen Åsane Energi stod for.

Kommunen har korrekt lagt til grunn at heimelshavar er pliktig å betala va-gebyr for vatnet etter målt forbruk, i tråd med va-forskrifta § 8 nr. 3.

Det er heller ikkje, slik saksøklarane hevder, kommunen som har endra forståinga av ordlyden i forureiningsforskrifta § 16-4 og va-forskrifta § 8 nr. 3 frå «eller» til «og». Kommunen har med rette forhalt seg til regelverket, røyropplegget og plassering av vassmålaren som vart gjort i 2014.

Feil rettsbruk knytt til sjølvkostprinsippet

Saksøklarane hevdar kommunen med urette fekk dobbelt betalt for størsteparten av vatnet som passerte vassmålaren deira før ombygginga. Enkelt sagt fordi det same vassforbruket som alt er betalt for av leilegheitene etter stipulert forbruk, vert belasta Åsane Energi som målt forbruk. Det hevdast å vera i strid med sjølvkostprinsippet.

Slik retten forstår argumentasjonen til saksøklarane, meiner dei at sjølvkostprinsippet gjeld ovanfor den enkelte abonnenten, altså at kvar abonnent ikkje skal betala meir enn det vedkommande sitt vassbruk kostar. Kommunen si innkrevjing av va-gebyr for målt forbruk til leilegheitene, er difor i strid med sjølvkostprinsippet fordi leilegheitene betalar for sitt stipulert forbruk, og saksøklarane betaler samstundes for målt forbruk. Betaling frå saksøklarane er difor heller ikkje «nødvendig» etter forureiningsforskrifta § 16-1.

Dette kan ikkje føra fram.

I Bergen Vann sitt saksframlegg til vedtaket går mellom anna fram:

Med bakgrunn i kompleksiteten og de mange faktorene som styrer dette systembildet er det ikke mulig å lage kalkyler eller oppstillinger for selvkost ned på individuelt eiendomsnivå. Her er det kommunen samlet og under ett som gjelder.

Dette er uttrykk for riktig rettsbruk.

Forureiningsforskrifta § 16-1 første ledd siste setning slår fast at «Ved beregning av selvkost bør de til enhver tid gjeldende retningslinjer for beregning av selvkost for kommunale betalingstjenester legges til grunn.»

Saksøkjaraane si forståing av at sjølvkostprinsippet gjeld på abonnentsnivå, kan ikkje trekkjast ut av rettskjeldene. Slik retten ser det, går det klårt fram av rettskjeldene at sjølvkostprinsippet gjeld for kommunen sine utgifter totalt sett, og ikkje på nivået for den enkelte abonnent. Kommunen har ikkje plikt til å laga kalkylar på enkeltnivå, anna enn ved framgangsmåten i forskrifta for målt eller stipulert forbruk.

Om kommunen skulle ha ansvar for at den enkelte abonnent ikkje må betala meir enn faktisk kostnad, ville det medføre eit uhandterleg regelverk. Dette vil vera i strid med føremålet med va-regelverket, som var å sikra høg kvalitet på drikkevatt, og setje kommunen i stand til å finansiere dette, med ei rettvis fordeling av kostnadane som var enkelt for kommunane å administrera.

Problemstillinga knytt til sjølvkost vart drøfta av Miljøverndepartementet i førearbeida til den førre va-lova av 1974.

Ifylgje Ot.prpr.nr.58 (1972–1973) punkt IV a byggjer lova på to hovudprinsipp. Det eine er at brukarane av fast eigedom skal dekkja alle kostnadane ved kommunale va-anlegg. Det andre er at kostnadane skal fordelast etter kva det kostar å føra vatn og kloakk til kvar eigedom.

I Ot.prpr.nr.58 (1972-1973) punkt IV b går fram:

Som utgangspunkt skal kostnadene fordeles slik at de gjenspeiler nettopp hvor mye det koster å føre vann og kloakk til hver enkelt eiendom. – Dette utgangspunkt kan ikke følges helt kategorisk, idet beregningene av hva hver enkelt måtte betale, i så fall ville medføre ordninger som vanskelig ville la seg gjennomføre i praksis.

Departementet finner det derfor viktig å tilgodese kommunenes sterke ønsker om å få en ordning som er relativt kurant å anvende. En har på denne bakgrunn foretatt en avveining mellom målsettingen om en mest mulig rettferdig fordeling av kostnadene og målsettingen om å etablere en ordning som er administrativ enkel å anvende for kommunene.

[...]

De avgifter kommunene ifølge lovutkastet med tilhørende forskrifter får hjemmel til å innkreve, vil som nevnt dekke kostnadene til de eksterne anleggsdeler og kostnadene for dekning av drifts- og vedlikeholdsutgifter. Kostnadene for de interne anleggsdeler forutsettes

dekket ved refusjonsordningen, dog begrenset av verdaukeprinsippet og dimensjonsbegrensningen for ledninger, jfr. bygningslovens § 47.

Komiteen foreslår at det kan kreves vann- og kloakkavgifter av eier av fast eiendom innenfor et betjeningsområde på nærmere betingelser. Dette er i innstillingen definert som det område som vann- eller avløpsanlegg dekker eller skal dekke.

Om dette sier Kommunaldepartementet:

«En forutsetter at det med uttrykket «innenfor betjeningsområdet» i lovutkastets § 2 ikke menes betjeningsområder for det enkelte anlegg, noe som vil føre til en tungvint ordning administrativt og også vil føre til at avgifter i nye boligstrøk blir høyere enn i eldre og øke forskjellen i boutgiftsnivået for eldre og nyere boliger.»

Miljøverndepartementet antar det Kommunaldepartementet anfører må tillegges betydelig vekt.

Departementet finner derfor ikke å kunne foreslå lovfestet noen bestemt ordning med hensyn til om avgiftene skal beregnes for det enkelte anlegg eller for et større område, for eksempel for en hel kommune. Det forutsettes at kommunene selv bestemmer om avgiftene skal beregnes for hvert enkelt anlegg eller for et større område eller eventuelt hele kommunen innen rammen av forskrifter gitt i henhold til lovutkastet.

I Prop.46 L (2017-2018) til ny kommunelov, punkt 22.4 om sjølvkost og fråseigna i § 15-1, er også sjølvkostprinsippet for kommunale tenester omtalt. Der skriv Kommunal- og Moderniseringsdepartementet:

Etter departementets vurdering er det behov for å fastsette grunnleggende regler for hvordan samlet selvkost skal beregnes. Dette vil gi et tydeligere og mer oversiktlig regelverk. Som utvalget påpeker vil dette kunne gjøre at kommunene vil få en likere forståelse av hva som ligger i selvkostbegrepet og bidra til at selvkostbegrepet ikke utvides i praksis, med mindre dette har en klar rettslig forankring.

[...]

Departementet presiserer at lovforslaget kun gjelder regler for beregning av selvkost for et tjenesteområde samlet, og dermed det øvre taket på de *samlete gebyrinntektene* på området. Dette vil støtte opp om tilliten til at gebyrnivået generelt sett ikke er høyere enn det selvkostprinsippet tilsier. Departementet legger til grunn at kommunene må kunne dokumentere beregningene av samlet selvkost og påvise at selvkostprinsippet har blitt anvendt i tråd med regelverket.

Disse reglene vil derfor ikke sikre at gebyrene *i den enkelte sak* er fastsatt slik at det er rimelig samsvar mellom gebyret og kostnadene ved å yte tjenesten til den enkelte bruker

Bustader vil vanlegvis få va-gebyret sitt basert på stipulert forbruk. Nokre vil komma godt ut av det, andre dårleg. Dersom ein abonnent meiner ein kjem dårleg ut av stipulert forbruk, kan ein krevja målt forbruk. Dette var også Høgsterett si vurdering i HR-2012-1769-A avsnitt 41, der det går fram:

Den avveining kommunen har gjort når den har funnet boligens bruksareal som det mest hensiktsmessige fordelingsgrunnlag for fastleddet, synes ikke uforsvarlig innenfor de rammer som er gitt. Intensjonen om at boligeierne skal kunne påvirke avgiften gjennom å redusere sitt forbruk, er ivarettatt gjennom den variable delen av årsgebyret. At enkelte boligeiere, som enslige med stor bolig og lavt forbruk, kan komme uheldig ut, kan ikke medføre at ordningen må underkjennes. Enhver ordning vil kunne slå uheldig ut for ulike grupper, og det vil uansett aldri være noen entydig sammenheng mellom husstand og forbruk. Gebyrvedtaket kan derfor klart ikke kjennes ugyldig på et slikt grunnlag.

Ut frå dette framstår det vel etablert at sjølvkostprinsippet ikkje gjeld på enkeltnivå for den enkelte abonnent, men utgjør ei øvre grense for va-gebyra kommunen kan krevja inn totalt sett. Rettsbruken i vedtaket knytt til sjølvkostprinsippet er difor riktig.

Saksøklarane har vist til at bruken av sjølvkostprinsippet i vedtaket er feil når kommunen krev gebyr basert på alt forbruk i tillegg til at leilegheitene betaler stipulert forbruk, utan kommunen sine kostnader aukar.

Dette kan heller ikkje føra fram. Målinga og berekninga er gjort i tråd med regelverket. Sjølv om konsekvensen kan vera at kommunen mottok meir i va-gebyr som følgje av ordninga som saksøklarane har etablert her, sett opp mot ei tradisjonell ordning med varmtvassberedar på den enkelte eigedom/sameige, er kommunen sin lovbruk likevel korrekt.

Opplegget som er etablert med oppvarming av varmtvatn til fleire sameiger, inneber ikkje at kommunen må tilpassa regelverket og gebyrinnkrevjinga til dette ut frå sjølvkostprinsippet. Det er dei næringsdrivande som må avvege lønnsmda i dei tenestene dei har etablert med levert, opp mot det gjeldande va-regelverket.

Dei saksøkte har påpeikt at kommunen kan inngå avtale med abonnentar etter va-forskrifta § 10, dersom det ligg føre særlege tilhøve. Saksøklarane sin argumentasjon her tilseier at det er ei tilpassing dei ønskjer seg, slik kommunen hevdar. Om det skulle vera grunnlag for ei slik avtale ligg utanfor rammene av retten si prøving av vedtaket.

Misbruk av offentleg mynde

Saksøklarane kan heller ikkje høyrast med at det ligg føre usakleg forskjellsbehandling eller andre former for misbruk av offentleg mynde.

Det har ikkje framkome opplysningar om tilsvarande anlegg som i vår sak, som har fått anna behandling av kommunen når det gjeld va-gebyr.

Saksøkjjarane har peika på at Eviny Termo AS, tidlegare BKK, leverer fjernvarme, og hevda dette inneber same teneste som det saksøkjjarane tilbyr. Dei hevdar kommunen tilgodeser Eviny, som kommunen er medeigar i, ved at Eviny ikkje vert kravd for va-gebyr for vatnet i samband med sine tenester.

Etter bevisføringa oppfattar retten Eviny Termo si teneste som grunnleggjande annleis. Eviny har eit lukka anlegg for levering av fjernvarme. Fjernvarme vert transportert til kundane. Vatnet som vert oppvarma eller brukt til oppvarming av lokale, kjem frå den enkelte eigedom sitt kommunale vassinntak, og ikkje frå vassinntaket til Eviny sin eigedom. Problemstillinga med målt forbruk for leverandøren er då ikkje aktuell.

Dersom det skulle finnast tilsvarande anlegg som den saksøkjjarane har etablert, er i alle tilfelle er påstandane om usakleg ulik behandling ikkje verken dokumentert eller sannsynleggjort.

Saksøkjjarane har dernest hevda at vedtaket inneber usakleg forskjellsbehandling opp mot sameiger som har organisert seg med felles varmtvassberedar.

Ved eit kommunalt vassinntak til leilegheiter kan kommunen ikkje krevja målt bruk, og eit kommunalt vassinntak som går inn til eit sameige, gjennom ein varmtvassberedar og deretter til bustader, vert klassifisert annleis etter forskrifta. Dette er regulert i fråsegnene i forskrifta, og inneber ikkje usakleg forskjellsbehandling.

Retten legg til at vedtaket, som er i tråd med regelverket, er heller ikkje er uforsvarleg eller kvalifisert urimeleg.

Ei slik vurdering ville, tilsvarande i HR-1997-16-B på side 383, og HR-2012-1769-A avsnitt 41, vera meir knytt til å vurdere konsekvensane av ei generell ordning heller enn tilhøva i den konkret vedtak. Både kommunen og dei næringsdrivande må halda seg til va-regelverket. Eventuelle framtidige endringar fell utanfor denne saka.

Årsaka til å etablere ein varmesentral, ein energibrønnpark, og å inngå avtalar med nærmare 700 leilegheiter om å levera oppvarming av vatn og anna varme, kan vera prisverdig. Retten har ikkje grunnlag for å tvila på framstillinga om at dette er miljøvennleg, god utnytting av energiresursar, og at dette kan verta ei stadig meir aktuell form for oppvarming i framtida. Desse formåla har likevel ikkje rettsleg relevans i spørsmåla om tolkinga av va-regelverket. Kommunen har kravd inn gebyr for målt forbruk i tråd med den løysinga for vassmåling som vart vald ved tilkoplinga i 2014.

Kommunen si ordning og det gjeldande regelverket kan ikkje reknast for å vera uforsvarleg, jf. HR-2012-1769-A avsnitt 41.

Konklusjonen er at vedtaket er gyldig.

Tilbakebetalingskravet

Saksøklarane har kravd tilbakebetaling av va-gebyr med 354 967 kroner, som dei har betalt til kommunen i 2021 og 2022. Dei har i tillegg kravd morarente.

Retten forstår dette som at det er semje om at tilbakebetalingskrava frå åra før 2021 er forelda. Frå oktober 2022 var problemstillinga heller ikkje lenger aktuell grunna ombygginga av va-strukturen, slik at kravet er avgrensa til 354 967 kroner pluss renter.

Ettersom vedtaket er gyldig, og ut frå rettsforståinga retten har lagt til grunn, er det heller ikkje sannsynleggjort at saksøklarane har noko krav om tilbakebetaling.

Bergen kommune blir å frifinna.

Sakskostnader

Bergen kommune har vunne saka, og har som utgangspunkt krav på erstatning for sine naudsynte og rimelege utgifter ved saka, jf. tvistelova § 20-2 første jf. andre ledd.

Retten har vurdert, men kan ikkje sjå at det ligg føre «tungtveiende grunner» som gjev grunnlag for å fritta saksøklarane for erstatningsansvar, verken heilt eller delvis.

Saka har ikkje vore tvilsam. Bergen kommune kan ikkje klandrast for at det kom til sak, og det er ikkje vist til avslag på forlikstilbod. Saka har ikkje av velferdsmessig tyding, og det ligg ikkje føre ein ulikskap i styrkeforholdet som kan grunngje fritak. Det ligg heller ikkje føre andre moment som er tilstrekkeleg tungtvegande til å gje fritak.

Erstatninga skal altså dekkja kommunen sine naudsynte kostnader, jf. tvistelova § 20-5 første ledd. Ved vurderinga skal det leggja vekt på om kostnadane har vore rimelege å pådra ut frå betydinga av saka, jf. andre setning.

Begge prosessfullmektigane har framsett store sakskostnadskrav. Kommunen har kravd dekkja 214 timars arbeid, med ein kostnad på 374 500 kroner. Dette er meir enn tvistesummen, som altså er på 354 967 kroner.

Til samanlikning har saksøklarane kravd dekkja salær på 387,2 timar, samt nokre kostnader for vitnet Kjell Petter Småge, til ein samla kostnad på 1 887 528 kroner.

Kommunen har reist motføresegner mot kravet frå saksøklarane. Begge partar har i tillegg til merknader under hovudforhandlinga, levert prosesskriv angående salærkravet i ettertid. Saksøklarane har utførleg gjort greie for saka sin kompleksitet og omfang, som har gjort det naudsynt med mykje arbeid frå deira side. Saksøklarane har ikkje reist motsegn mot kommunen sitt sakskostnadskrav.

Kommunen sin prosessfullmektig har kravd 1 700 kroner timen. Timeprisen er innafor det naudsynte og rimelege.

Retten meiner kommunen sitt krav om dekning av 214 timars arbeid er høgt, både sett opp mot tvistesummen, viktigheita av saka, varigheita av hovudforhandlinga og saken sitt omfang elles.

Retten kan på den andre sida ikkje sjå at kommunen har vidløftiggjort saka med å gjennomgå og leggja fram dokumentasjon frå byggesaka, krevja framlagt bevis, reisa avvisingsspørsmåla, eller på annan måte. Kommunen har reist bevisprovokasjonar som ikkje har blitt etterkome, men har nøyd seg med å be retten leggja vekt på dette under bevisvurderinga heller enn å reisa bevistvister.

Ut frå merknadane frå begge partar om naudsynt tidsbruk, finn retten under tvil at kommunen si sakskostnadsoppgåve må leggjast til grunn som rimeleg og naudsynt.

Saksøklarane må dekkja kravet i solidaransvar.

Retten gjer saksøklarane merksam på adgangen til å be om at godtgjersla til prosessfullmektigane blir fastsett av retten, jf. tvistelova § 3-8. Ved fastsetjinga blir det teke omsyn til dei kostnadene det er rimeleg å pådra parten ut frå prosessoppdraget, betydinga av saka og forholdet mellom parten og prosessfullmektigen. Eit slikt krav må fremjast til tingretten innan éin månad etter forkynning av dommen.

Dommen er ikkje sagt innan fristen i lova. Grunnen er naudsynt arbeid med prioriterte saker.

DOMSSLUTNING

1. Bergen kommune vert frifunnen.
2. Horisont Drift AS og Åsane Handel AS betaler i solidaransvar Bergen kommune sine sakskostnader med 374 500 -trehundreogsyttifiretusenfemhundre- kroner innan 2 -to-veker frå dommen vert forkynt.

Retten heva

Therese Skodvin

Dokument i samsvar med original

*Frode Gjørund
Førstekonsulent*

Rettleiing om anke i sivile saker er vedlagd.

Rettleiing om anke i sivile saker

I sivile saker er det reglane i tvistelova kapittel 29 og 30 som gjeld for anke. Reglane for anke over dom, anke over orskurd og anke over vedtak er litt ulike. Nedanfor finn du meir informasjon og rettleiing om reglane.

Ankefrist og gebyr

Dersom retten ikkje har fastsett ein annan frist, er fristen for å anke ein månad frå den dagen avgjerda blei gjort kjent for deg. Desse periodane tel ikkje med når fristen blir berekna (rettsferie):

- frå og med siste laurdag før palmesøndag til og med andre påskedag
- frå og med 1. juli til og med 15. august
- frå og med 24. desember til og med 3. januar

Den som ankar, må betale behandlingsgebyr. Du kan få meir informasjon om gebyret frå den domstolen som har behandla saka.

Kva må ankeerklæringa innehalde?

I ankeerklæringa må du nemne

- kva for avgjerd du ankar
- kva for domstol du ankar til
- namn og adresse på partar, partsrepresentantar og prosessfullmektigar
- kva du meiner er feil med den avgjerda som er tatt
- den faktiske og rettslege grunngivinga for at det ligg føre feil
- kva for nye fakta, bevis eller rettslege grunnar du vil leggje fram
- om anken gjeld heile avgjerda eller berre delar av den
- det kravet ankesaka gjeld, og kva for resultat du krev
- grunnlaget for at retten kan behandle anken, dersom det har vore tvil om det
- korleis du meiner anken skal behandlast vidare f.eks om det bør vera munnleg behandling i rettsmøte, skriftleg behandling og/eller rettsmekling.

Dersom du vil anke ein dom frå tingretten til lagmannsretten

Dommar frå tingretten kan ankast til lagmannsretten. Du kan anke ein dom dersom du meiner det er

- feil i dei faktiske forholda som retten har lagt til grunn i dommen
- feil i rettsbruken (at lova er tolka feil)
- feil i saksbehandlinga

Dersom du vil anke, må du sende ei skriftleg ankeerklæring til den tingretten som har behandla saka. Dersom du fører saka sjølv utan advokat, kan du møte opp i tingretten og anke munnleg. Retten kan og tillate at prosessfullmektigar som ikkje er advokatar, ankar munnleg.

Det er til vanleg ei munnleg forhandling i lagmannsretten som avgjer anke over dom. Ved ankebehandlinga skal lagmannsretten konsentrere seg om dei delane av avgjerda til tingretten som er omtvista, og som der er knytt tvil til.

Lagmannsretten kan nekte å behandle ein anke dersom lagmannsretten kjem til at det er klar overvekt av sannsyn for at dommen frå tingretten ikkje vil bli endra. I tillegg kan retten nekte å behandla nokre krav eller ankegrunnar, sjølv om resten av anken blir behandla.

Retten til å anke er avgrensa i saker som gjeld formueverdi under 250 000 kroner

Dersom anken gjeld ein formueverdi under 250 000 kroner, blir det kravd samtykke frå lagmannsretten for at anken skal kunne bli behandla.

Når lagmannsretten vurderer om den skal gi samtykke, legg retten vekt på

- saka sin karakter
- partane sitt behov for å få saka prøvd på ny
- om det ser ut til å vere svake sider ved avgjerda som er anka, eller ved behandlinga av saka

Dersom du vil anke ein orskurd eller eit vedtak til lagmannsretten

Ein *orskurd* kan du som hovudregel anke på grunn av

- feil i dei faktiske forholda som retten har lagt til grunn i orskurden
- feil i rettsbruken (at lova er tolka feil)
- feil i saksbehandlinga

Orskurdar som gjeld saksbehandlinga, og som er tatt på grunnlag av skjøn, kan berre ankast dersom du meiner at det er utøvd uforsvarleg eller klart urimeleg skjøn.

Eit *vedtak* kan du berre anke dersom du meiner

- at retten ikkje hadde rett til å ta ei slik avgjerd på det gjeldande lovgrunnlaget, eller
- at avgjerda openbert er uforsvarleg eller urimeleg

Dersom tingretten har avsagt dom i saka, kan tingretten sine avgjerder om saksbehandlinga ikkje ankast særskilt. Men da kan dommen ankast på grunnlag av feil i saksbehandlinga.

Orskurdar og vedtak kan du anke til den tingretten som har tatt avgjerda. Anken blir til vanleg avgjort ved orskurd etter skriftleg behandling i lagmannsretten.

Dersom du vil anke avgjerd i lagmannsretten til Høgsterett

Høgsterett er ankeinstans for avgjerder i lagmannsretten.

Anke til Høgsterett over *dom* krev alltid samtykke frå ankeutvalet i Høgsterett. Samtykke blir berre gitt når anken gjeld spørsmål som har betyding ut over den aktuelle saka, eller det av andre grunnar er særleg viktig å få saka behandla av Høgsterett. Anke over dom blir til vanleg avgjort etter munnleg forhandling.

Ankeutvalet i Høgsterett kan nekte å ta opp anke over *orskurdar* og *vedtak* til behandling dersom anken ikkje reiser spørsmål av betyding utover den aktuelle saka, og heller ikkje andre omsyn taler for at anken bør prøvast. Anken kan også nektast fremja dersom den reiser omfattande bevisspørsmål.

Når ein anke over orskurdar og vedtak i tingretten er avgjort ved orskurd i lagmannsretten, kan avgjerda som hovudregel ikkje ankast vidare til Høgsterett.

Anke over orskurd og vedtak i lagmannsretten blir til vanleg avgjort etter skriftleg behandling i ankeutvalet i Høgsterett.